

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd: Stord sokneråd
Tid: Onsdag 19. februar 2020
Kl. 19.15 – 21.15
Møtestad: Stord Kyrkje
Opning: Olav

"Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

visjon Stord kyrkjelyd

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Johannes V. Lamo, Olav Johannes Oma, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland (1. vara)

Forfall: Nils Dale Elde, Sigrunn Ljosland, Egil Petterteig, Signe Vorland, Dag Kjetil Læg Reid (4. og 5.vara innkalla i siste liten og hadde ikkje moglegheit til å stilla).

SAKLISTE

2020/11- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent med følgande tillegg av saker:
2020/19 Bekymringsmelding sidedør Stord Kyrkje
2020/20 Søkna om støtte til deltaking på ungdomsleiarkonferanse

2020/12- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

2020/13 – 046 Årsmøte 2020

Saksutgreiing

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Frista for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapet er 1.april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Vedtak:

Soknerådet vil gjennomføre eit soknemøte/årsmøte onsdag 11.mars kl 18:00 i kyrkja. Det er kveldssamling kl 19.30, med påfølgjande kveldsmat.
Anders og Ingeborg er ansvarleg for førebuing av soknemøtet.

Samrøystes

2020/14 – 046 Årsrapport 2019

Saksutgreiing

Soknerådet utarbeider innan 1.mars kvart år, ein årsrapport over rådets aktivitet i siste kalenderår. Rapporten leggst fram for årsmøtet/soknemøtet og oversendes kyrkjeleg fellesråd, prost, bispedømmerrådet og andre som soknerådet bestemmer.
Utkast til årsrapport for 2019 vedlagd.

Vedtak:

Årsrapport for 2019 godkjennast, med endringar som kom fram i møtet. Oppdatert årsrapport vedlagd møteprotokollen.
Soknerådsleiar er ansvarleg for rapportering og distribusjon av denne.

Samrøystes

2020/15 – 012 Etablering og mandat for underutval

(Oppfølging av Sak 2020/6)

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Saksutgreiing

Soknerådet gjorde i januar vedtak kring ønske om utval og ansvarlege i soknerådet, med mål om oppretting av utval i februar-møtet. Det har ikkje vore mogleg å følge opp dialogen med dei tilsette etter Døgnet, men det er planlagt gjort framover, parallelt med oppstart av utvala. Utval for frivillige medarbeidarar legg vi opp til å utsetja i påvente av slik dialog, for handsaming på komande møte. Det gjenstår å utarbeide mandat for arbeid i utvala.

Forslag til vedtak:

Stord sokneråd oppnemner følgjande utval og medlemer i utvala:

Gudstenesteutval: Sokneprest (Olav Oma), Kantor (Ole Jørgen Furdal), Egil Petterteig og Sigrud Beate Eskeland.

Trusopplæringsutval: Trusopplærer (Elisabeth Fauskanger), Sigrunn Ljosland, Johannes V. Lamo

Diakoniutval: Diakon (Lisbeth Nygård), Signe Vorland, Dagfinn Koppang

Kyrkjelivsutval: Kirsti Angvik Frugård, Arne Rygg Drønen.

Utvalet får ingen faste tilsette som medlem i utvalet, men skal 1-2 gonger i halvåret invitera kantor på utvalsmøte for å ta del i arbeidet kring kultur og kyrkjemusikk (utanom gudstenesta)

Utvala skal konstituera seg sjølv i første møte, men det er ønskjeleg at ein frå soknerådet leiar utvalet. Utvala oppmodast og til å skaffa fleire leke medlemer til utvala – men desse skal formelt godkjennast av soknerådet i vedtak. Leiar i kvart utval vert ansvarleg for å halde soknerådet (ved AU) informert om vedtak og aktivitet i utvalet.

Utvala som opprettast no vert i første omgang ikkje felles med Nysæter sokn sine utval. Utvala oppmodast likevel til å halda minst eitt felles møte årleg for utveksling av idear og erfaring.

Førebels mandat for utvala vert (...). Endringar i mandat eller samansetning av medlemer skal handsamast og vedtakast av soknerådet.

Egil, Sigrunn, Signe og Kirsti får ansvar for å kalle inn til første møte i kvart utval.

Vedtak:

Saka vart grundig drøfta og blir utsett, i påvente av vidare arbeid med mandat og dialog med dei tilsette v/ kyrkjeverje. Soknerådet ber dei foreslåtte medlemmene arbeide vidare med forslag til mandat for utvala, jfr. tidlegare vedtak i Sak 2020/6.

Samrøystes

2020/16 – 308 Kyrkjebladet Spira

(Oppfølging av Sak 2020/5)

Saksutgreiing

Soknerådet gjorde i januar vedtak om å vidareføre arbeidet med kyrkjeblad og gav redaksjonen ein aksjon med å kome opp med forslag til gjennomføring i 2020. Sidan da har og Nysæter sokneråd handsama sitt økonomiske bidrag i 2020, og dei stiller ein garanti på inntil kr 15 000,- for heile året (tre utgåver).

Redaksjonen har hatt møte og planlegg med påskenummer (27.mars), haustnummer (28.aug) og adventsnummer (27.nov). Dei har satt opp budsjett, og reknar med kr 35 000,- i kostnad per blad, med tillegg på kr 10 000,- når ein legg i giro-innstikk. Dei legg opp til ein økonomisk plan som nyttar tilskota frå sokneråda (totalt kr 35 000,-) for å gå i balanse, og har spurt om ein kan nytta evt overskot frå 2019 i påfølgjande år.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak:

Soknerådet gir si støtte til planen som er framlagd av redaksjonen, og ser fram til første blad i mars. Soknerådet ber om ei økonomisk oppdatering etter første utgåva, og presiserer at redaksjonen må leggje opp til ei drift som er berekraftig over tid – og eit evt overskot i 2019 må derfor berre vere ein reserve i påfølgjande år – ikkje ein del av den planlagde inntekta. Dag Kjetil får ansvar for å ta dette med i det vidare arbeidet med bladet, og for å gi ein økonomistatus etter første utgåva.

Samrøystes.

2020/17 – 016 Innmelding i Sunnhordland Prostiråd

Saksutgreiing

Prostirådet for Sunnhordland Prosti er no oppretta som ei foreining, med bakgrunn i behov for organisasjonsnummer. Denne vart skipa 23.januar 2020, sjå vedlagde skipingsdokument med vedtekter for rådet. Det er lagt opp til at sokneråda vert medlemmer gjennom aktiv innmelding. Det er vedteke at det ikkje er medlemskontingent å betala første året.

Vedtak:

Stord sokneråd ønskjer å melde seg inn som medlem i foreininga Sunnhordland Prostiråd. Leiari i soknerådet får aksjonen med å foreta innmelding.

Samrøstes.

2020/18 – 121 Underskotsgaranti Sunnbok jubileumsarr.

(Oppfølging av Sak 2020/8)

Saksutgreiing

Kirsti informerer om dialogen med SunnBok/Falturiltu i møtet. Soknerådet bes ta stilling til ei ramme for underskotsdekning slik at ein kan booka foredragshaldar. Det er indikert totale kostnader på kr 18 000,- kor Stord sokneråd er bedt om å ta høgde for kr 9 000,- i ein underskotsgaranti. Arrangementet vert planlagt med billettinntekter og bør såleis vere forventa å gå langt betre enn garantien tar høgde for.

Vedtak:

Stord sokneråd godkjenner ei ramme for underskotsdekning på inntil kr 4 500,- men legg vekt på at arrangementet må planleggast med forventa balanse/overskot frå billettsal.

(Det kom fram på møtet at Stord sokneråd og SunnBok er tenkt å dele på dei kr 9 000,- som er omtalt i saksutgreiinga. Total fordeling av dei omtalte kr 18 000 vert då kr 9 000,- på Falturiltu, kr 4 500 på SunnBok og kr 4 500 på Stord sokneråd)

Samrøystes.

2020/19 – 411 Bekymringsmelding sidedør Stord Kyrkje

Saksutgreiing

Ingeborg informerte i møtet om ei uønska hending knytt til søndagsskulen i Stord kyrkje ved gudsteneste 9.februar 2020, der sidedøra ikkje lot seg kontrollera på grunn av vind utanfor. Dette resulterte i at døra trefte ei jente som fekk blåmerker.

Vedtak:

Stord sokneråd er bekymra for tryggleiken til deltakarar på gudsteneste når sidedøra nyttast. Dette er spesielt alvorleg sidan sidedøra skal vere tilrettelagt og nyttast av m.a. born og eldre som ikkje kan forventast å handtere døra.

Soknerådsleiar får oppgåva med å skriva eit brev til kyrkjeverje og Stord Kyrkjelege Fellesråd der me tar opp saka med mål om ei sikker løysing for sidedøra også på vindfulle

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

dagar. Soknerådet ynskjer å vite kor slike hendingar skal rapporterast og korleis dei følgjast opp, og vil be kyrkjeverje og fellesrådet om å iverksetje tiltak.

Samrøystes

2020/20 – 150 Søknad om støtte til deltaking på ungdomsleiarkonferanse

Saksutgreiing

Johannes skal delta på ungdomsleiarkonferansen Veikryss arrangert av Bjørgvin bispedøme, og søker om soknerådet om dekning for utgifter til deltakaravgift og reise.

Vedtak:

Soknerådet ber om ein skriftleg søknad og innstiller på at reelle utgifter kan dekkast frå Rind-midlar. Soknerådsleiar får i oppgåve å følgje opp søknaden når den kjem og få den behandla av utvalet som forvaltar Rind-midlane.

Johannes vert og utnemnt som utsending frå Stord sokn til Ungdomstinget som skal arrangerast som del av konferansen.

Samrøystes

Ymse

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat Nysæter sokneråd 28.01.2020
2. Referat Kyrkjestova Fredheim styremøte 11.02.2020
3. Referat Stord kyrkjelege fellesråd 12.02.2020

- **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet v/Olav
 - a. Mykje kjekk aktivitet for tida. Blant høgdepunkta vart det nemnt fem konfirmant-dåp på søndag som var, stor oppslutnad om trusopplæringstiltak og flott orgelkonsert med avslutning for Jan Owerweg.
2. Evaluering av Døgnet – sak utsett til seinare møte
3. Kort status frå arbeidsgruppa for videokanon i kyrkja
 - Kort orientering gitt i møte om korleis det er tenkt i kyrkja.
 - Status er at utvalet treng eit møte for å drøfte framdrift. Det må lagast nokre skisser for løysinga til bruk i brev til biskop.

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
nestleiar og referent
sign